



Hemsedal Barne- og Ungdomsskule

Referat Elevrådet ved HBU

		Møte nr.	3		
			TID	Fredag 13. november 2020	
MØTESTAD	Naturfagsrommet				
Møtte:					
NESTE MØTE	Tysdag 17. november, 3. time	REFERENT	Marte Kjelsvik		

SAK		Ansvar	Frist
1	Samtale med Ellen om sakar som vart tatt opp i avisartikkel i Hallingdølen i veke 45	Ellen	

Ellen har lyst til å snakke med elevrådet om avisartikkelen som var i hallingdølen for nokre veker sidan. Spesielt med tanke på kva dei vaksne kan bli betre på.

Inneklima er ikkje alltid bra – det er rektor einig i. Ho seier ho har uttala seg om dette i avisa. Det er mange ting som manglar mtp. fysisk utforming, og det er ein av grunnane til at vi får ny skule.

Det vart kommentert i avisartikkelen at det var ønske om at dei vaksne kunne bli betre på konflikthandtering og forskjellsbehandling.

Dette er det elevane har å seie om...

Konflikthandtering:

- Høyre saken frå fleire sider, undersøke godt. At dei vaksne høyrer begge sider
- I 6. klasse er dei vaksne flinke til det.
- Fint å ta ut begge sidene kvar for seg slik at alle får bli høyrte
- Nokre har opplevd at lærarane snakkar om det som har skjedd høgt i klassa i staden for å ta det opp med dei det gjeld. Desse elevane opplev at lærarane snakkar høgt til alle utan å nemne namn, men dei peiker ut enkelt elevar likevel. Dette opplevast ikkje greitt fordi det følast ikkje godt for dei som har gjort noko galt, eller er i ei konflikt når det blir snakka høgt om det foran heile klassa.

- Andre fortel at dei opplev at nokon få gjer noko som ikkje er greitt, så blir det snakka til alle. Då opplev dei som ikkje har gjort noko galt at dei også blir straffa.
- Konklusjon: Når få er involvert er det viktig at man tar det med dei som er involvert direkte. Ikkje ver så hard og sint, men milde. Om man seier det rolegare kan man kanskje diskutere saman og løyse det med ei god kjensle.

Forskjellsbehandling:

Ellen teiknar ein illustrasjon på tavla som handlar om samanhengen mellom rettferdighet og forskjellsbehandling. Nokre gongar forskjellsbehandlar ein for å kunne skape rettferdighet fordi ulike menneske har ulike føresetnader.

Ellen lurar på om nokon har opplevd forskjellsbehandling

- Noen blir «skyldebøtte» - for skylda for «alt», også når dei ikkje har gjort noko gale.
- Nokre elevar slepp unna med ting fordi lærarane trur på dei fordi dei er ofte snille og gjer det dei skal.
- Oppleving av å være berre ein av tre som får beskjed om å gå til plassen sin, det opplevast urettferdig og som forskjellsbehandling

Bodskap til dei vaksne på skulen:

- Være like streng med alle
- Behandle alle likt
- Ikkje anta noko/slå konklusjonar utan å ha høyrte begge sider
- Ikkje gjer forskjell på gutter og jenter. Oppleving av at lærarane kjeftar meir på gutane.

Det som blir snakka om her vil Ellen ta vidare til dei vaksne på skulen.